



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 14.09.2010

| <i>Saksnr.</i> | <i>Dok.nr</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sek/Saksh</i> | <i>Dykkar ref.</i> |
|----------------|---------------|------------------|----------------------|--------------------|
| 09/569         | 7336/10       | 020              | FSK/FEL/VIST         |                    |

### TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 10.09.10

Desse møtte: Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal, Andreas Langeland, Amalie Helland, Jostein Gjerstad, Helge Hauge og Vibeke Øxnevad Stoltz.

Forfall: Ingunn Martinsen, Torstein Flakke, Ida Marie Kjærefjord Lavik, Hanne Storesætre, Helene Flakke, vara og Tony Andre Gundersen, vara.

Tid: kl. 19.00

Stad: Tysneshallen

#### Sakliste:

45. Opning

Hanne opna og leia møte.

46. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent.

47. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

48. Godkjenning av referat 27.08.10

Godkjent

49. Statusrapport økonomi

Ungdomsrådet har om lag 50.000 til disposisjon, inklusive tilskot frå Tysnes sparebank m.m.

Vibeke spør økonomisjef vedk. overføring av kr 5.000 til 10. klasse for vakthald i ungdomsklubben. Dersom vaktene ikkje kjem som avtalt, vert summen redusert.

50. Handsaming av sakliste

a) Førebuing av val

Nyval 2010 innan 30. september. Representantar vert valde for 2 år.

Det kan veljast representantar i alderen 13-19 år. Ungdom er valbar til dei er 19 år og kan vera medlem i styret til dei er 21 år.

Representantar frå ungdomsskulen:

Torstein Flakke, 2 år, ikkje på val  
Amalie Helland, 2 år, ikkje på val  
Hanne Storesætre, 2 år, ikkje på val  
Andreas Langeland, 1 år, på val  
Ingunn Martinsen, 1 år, på val

Andreas og Ingunn går no på vidaregåande og kan ikkje representera ungdomsskulen. Frå ungdomsskulen må det derfor veljast to nye representantar, eventuelt fleire dersom nokon trekkjer seg frå styret.

Kontakta undervisningsinspektør Kari Pettersen for gjennomføring av val på skulen i løpet av veke 37 eller 38. Ansvar: Amalie.

Representantar frå vidaregåande:

Jostein Gjerstad, 2 år, ikkje på val  
Ida Marie Kjærefjord Lavik, 2 år, ikkje på val  
Hanne Hope, 1 år, på val  
Veronika Hestad Kjøndal, 1 år, på val  
Helene Flakke, vara, på val  
Tony André Gundersen, vara, på val

To styrerepresentantar og to vararepresentantar står på val.

Valdag for vidaregåande skule/lærlingar vert 24. september kl. 17.00, Tysneshallen. Gratis pizza og brus.

Informasjon om val vert lagt ut på Tysnesingen, Facebook og eventuelt "Tysnes". Ansvar: Hanne, Veronika, Andreas og Jostein.

b) Kråkerei

På klubbkvelden 8. sept. samla nokre eldre ungdommar seg utanfor lokalet ved kjøpesenteret og skapa litt uro blant dei yngste. Veronika har sett opp informasjonsskriv til foreldrevaktene. Dersom vakter ikkje kjem, skal Eldbjørg Knutsen kontaktast. Natteramnane har fått liste over klubbkveldar.

Nokre elevar frå ungdomsskulen har ønskje om å opptre med dans på klubbkveldane. Styret var positiv. Amalie gjev tilbakemelding.

Ei gruppe har ønskje om å nytta klubblokala i samband med bandøving. Styret meinte ungdomsrådet ikkje kan ta ansvar i denne saka. Ungdommane må sjølve ta kontakt med Tysnes ungdomslag for eventuelt direkte avtale om bruk av Vonheim til bandøving.

c) Aktivitetar i helgane

**Paintball** 25. september kl. 14.00. Lysing. Pris kr 350, pr pakke pr. person. Minst 10 personar bør melda seg på. Avklara areal med eigar: Ansvar Hanne

**Linkeparty** i haustferien frå 13.-15. oktober. Påmelding. Deltakarar tar med seg mat og drikke. Foreldre har sjølve ansvar for dei som får melda seg på. Vakter: Hanne, Jostein, Vegard og Andreas. Hanne kontakter Tysnes ungdomslag for avtale.

d) Ungdomsrådsamling på Tysnes  
Pris pr. ungdomsråd kr 500-. Invitasjon må sendast ungdomsråda i Sunnhordland.  
Avtale med Tysnes ungdomslag.

51. Ymse  
Ingen saker.

Det vert kalla inn til nytt møte, etter valet, **fredag 24.09.10 kl. 19.00** i Tysneshallen.  
Vibeke gjorde merksam på at ho ikkje har høve til å møte.

Vibeke Øxnevad Stoltz  
referent